



KONTROLLUTVALET I BJERKREIM

PROTOKOLL

Utvalg: Kontrollutvalet i Bjerkreim	Møtenr.: 1-2013	Møtedato: 28. januar 2013	Utvalgssaksnr.: 1/13 - 6/13
Innkalt: Magne Vaule Brit Tengedal Geir Ove Svella Tyra Skårland Mauritz Bjerkreim	Forfall: Ingen		
Andre: Forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg, Rogaland Revisjon IKS Oppdragsansvarlig revisor Annebeth Melhus Mathissen, Rogaland Revisjon IKS Ordfører Marthon Skårland, Bjerkreim kommune Daglig leder Wencke Sissel Olsen, Rogaland Kontrollutvalgssekretariat			

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

1/13 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokoll frå møte den 26. november 2012.

2/13 Rapport frå undersøking- skulemiljøet i Bjerkreim

Forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg orienterte om rapporten.

Kontrollutvalet sette fram følgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet vil med bakgrunn i rapporten frå Rogaland Revisjon innstilla til kommunestyret å fatta følgjande vedtak:

- *Saksbehandlinga må styrkast når det vert rapportert brot på skulemiljøet, slik at desse blir behandla i høve til lovkrav*
 - *Det må fattast enkeltvedtak i høve til opplæringslova § 9.a 3.ledd.*
 - *Skulen må bli raskare til å handtera henvendelser iht. forvaltningslova, følgja desse opp og gje tilbakemelding til føresette.*
 - *Det må setjast inn tiltak umiddelbart når dette er nødvendig, og foreldra må underrettast om dette, samt gis vidare informasjon om evt. endringar, avslutning osv.*
 - *Skulen må sørgja for raskare intern klagebehandling, revisor foreslår her å delegera dette til skulesjefen*
 - *Skulen og kommunen må vurdere hjelp utanfrå i vanskelige saker.*
 - *Eit hovudmål må vera å gjenoppretta tilliten til skulen si handtering av mobbesaker.*
-
- *Oversikt over korleis rådmannen har følgd opp føreslåtte tiltak i rapporten vert send kommunestyret via kontrollutvalet ca. 6 mnd. etter at rapporten er vedtatt i kommunestyret.*

Representanten Geir Ove Sveta gjekk inn for administrasjonen sitt forslag til vedtak. Dette fekk ved avrøysing 1 stemme og falt.

Kontrollutvalets forslag til vedtak vart vedtatt med 4 mot 1 stemme.

Kontrollutvalet vil med bakgrunn i rapporten frå Rogaland Revisjon innstilla til kommunestyret å fatta følgjande

VEDTAK:

- *Saksbehandlinga må styrkast når det vert rapportert brot på skulemiljøet, slik at desse blir behandla i høve til lovkrav*
 - *Det må fattast enkeltvedtak i høve til opplæringslova § 9.a 3.ledd.*
 - *Skulen må bli raskare til å handtera henvendelser iht forvaltningslova, følgja desse opp og gje tilbakemelding til føresette.*
 - *Det må setjast inn tiltak umiddelbart når dette er nødvendig, og foreldra må underrettast om dette, samt gis vidare informasjon om evt. endringar, avslutning osv.*
 - *Skulen må sørgja for raskare intern klagebehandling, revisor foreslår her å delegera dette til skulesjefen*
 - *Skulen og kommunen må vurdere hjelp utanfrå i vanskelige saker.*
 - *Eit hovudmål må vera å gjenoppretta tilliten til skulen si handtering av mobbesaker.*
-
- *Oversikt over korleis rådmannen har følgd opp føreslåtte tiltak i rapporten vert send kommunestyret via kontrollutvalet ca. 6 mnd. etter at rapporten er vedtatt i kommunestyret.*

3/13 Vedr. kommunestyresak 78/12 - administrasjonens saksutgreiing

Kontrollutvalet sette fram følgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet syner til vedtak i kommunestyret den 12. desember. Utsett sak 22/12 om mobbing vart då innbakt i sak 78/12, utan dette gjekk fram verken av innkalling eller referat.

Kontrollutvalet er ikkje tilfreds med ei slik behandling. Den kan oppfattast som om politisk leiing ikkje har tillit til kontrollutvalet, eller at saka har eit innhald som ikkje toler offentleg debatt.

Kontrollutvalet vil be kommunestyret å ta saka opp til ny behandling.

Utvalet syner til brev frå utdanningsdirektoratet datert 16/12 2011, og vil be kommunestyret om å vedta ein utvida plan mot mobbing. Ein slik tiltaksplan bør mellom anna omfatta følgjande:

- *Kommunen sluttar seg til ”manifest mot mobbing”*
- *Det må brukast eksterne fagfolk der kommunen ikkje har eigen kompetanse*
- *Det må satsast på vidare kompetanseheving om mobbing med tilhøyrande sakshandsaming i skulane og i skuleleiinga*
- *Alle lag og organisasjonar for barn og unge får tilbod om opplæring/bevisstgjerjing for trenarar og leiarar*
- *Målsetjinga må vera at Bjerkreim kommune skal verta ein føregangskommune i arbeidet mot mobbing.*
- *Kommunen må derfor vurdera å utpeika ein prosjektleiar som får ansvar for gjennomføring av tiltaka.*

Dette forslaget vart vedtatt med 4 mot 1 stemme (Geir Ove Svela).

VEDTAK:

Kontrollutvalet syner til vedtak i kommunestyret den 12. desember. Utsett sak 22/12 om mobbing vart då innbakt i sak 78/12, utan dette gjekk fram verken av innkalling eller referat.

Kontrollutvalet er ikkje tilfreds med ei slik behandling. Den kan oppfattast som om politisk leiing ikkje har tillit til kontrollutvalet, eller at saka har eit innhald som ikkje toler offentleg debatt.

Kontrollutvalet vil be kommunestyret å ta saka opp til ny behandling.

Utvalet syner til brev frå utdanningsdirektoratet datert 16/12 2011, og vil be kommunestyret om å vedta ein utvida plan mot mobbing. Ein slik tiltaksplan bør mellom anna omfatta følgjande:

- *Kommunen sluttar seg til ”manifest mot mobbing”*
- *Det må brukast eksterne fagfolk der kommunen ikkje har eigen kompetanse*

- Det må satsast på vidare kompetanseheving om mobbing med tilhøyrande sakshandsaming i skulane og i skuleleiinga
- Alle lag og organisasjonar for barn og unge får tilbod om opplæring/bevisstgjerung for trenarar og leiarar
- Målsetjinga må vera at Bjerkreim kommune skal verta ein føregangskommune i arbeidet mot mobbing.
- Kommunen må derfor vurderast å utpeika ein prosjektleiar som får ansvar for gjennomføring av tiltaka.

4/13 Kontrollutvalets årsmelding for 2012

Kontrollutvalet påpeika redigeringsfeil i årsmeldinga som vert retta opp av sekretariatet før oversending til kommunestyret.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt

VEDTAK:

- Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtar det framlagte forslaget til årsmelding for 2012.
- Årsmeldinga vert oversend kommunestyret i Bjerkreim til orientering.

5/13 Kontrollutvalets årsregnskap for 2012

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar oversikt over årsrekneskapet for kontrollutvalets budsjett 2012 til orientering.

6/13 Statusoversikt pr. januar 2013, kontrollutvalets saker

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar statusoversikten for januar 2013 til orientering.

REFERAT-/MELDINGSSAKER

1/13 Kommunestyrets vedtak: Oppfølging av politiske vedtak

2/13 Vedtak i kommunestyret: KU's årsplan 2013

3/13 Oppsummering av revisjonen gjennom 2012

Meldingssakene vart tatt til orientering

EVENTUELT

Sekretariatet legg fram sak ang. bestilling av forvaltningsrevisjon for 2013 på neste møte.

Underskrifter:

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Leiar av kontrollutvalet

Sekretær for kontrollutvalet